

Møtereferat for Vestfold sau og geit

19 mai kl. 18:00

Oppmøte

Lars Bjarne Linneflaatten, Gaute Eia Holtung, Åsne Fineid, Tore Felin

Referent: Torhild Sisjord

Forfall: Torstein Lie, May Britt Michelsen

15/2022 Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjent utan merknader

16/2022 Gjennomgang av referat og innkommne saker

- Referat frå styremøte 27.01.22 gjennomgått og godkjent.
- Referat frå møte 10.03.22 gjennomgått og godkjent
- Referat frå felles møte VSG/Ring 82. Brukast som bakgrunn for sak 21/2022
- Referat frå årsmøte i NSG 15-16 mars sendes styret saman med dette referat.
- Ulv i Vestfold mai 22
 - Gjeve fellingsløyve
 - Sist sett i Kongsberg
- Jordbrukstingingane.
 - Oversikt frå NSG gjennomgått. Er å sjå på som eit godt utgangspunkt/opptrappingav økonomien i saueholdet.

17/2022 Planlegging av sumartur i skjærgården

Landslaget for gamalnorsk spælsau, Vestfold er i gang med planlegging av turen.

Program: Utnytting av skjærgården som beiteressurs.

Stad: Bolærene

Tid: Fyrste helga etter skulestart

18/2022 Facebook-gruppe oppretta av Terje Gjersøe. Sauebønder i Vestfold

Vestfold sau og geit nyttar nettsida nsg.no/vestfold som sin kanal.

19/2022 Organisasjonsarbeid

VSG ynskjer at sakspapir til styremøte samt råd og utval i NSG leggst ut på nettsida /kalenderen. Det vil kunne auke engasjementet. Openhet er aldri feil. Dette vil styret i VSG gje innspel på. Enkeltmedlemmer i styret kan dele arrangement og anna nyttig informasjon i facebookgruppa «sauebønder i Vestfold»

Kva kan VSG gjerer for å skape eit ungt miljø ?

- Sjå og inkludere
- Ha arrangement som er spesielt tilrettelagt for unge

20/2022 Sakliste ekstraordinært årsmøte NSG

Sak 5 budsjett 2022 gjennomgårr. Underskot kr 5 039 000

- Kan ikkje legge inn 10 % frå fond kvart år.
- Be om sterkare grad av kostnadskontroll slik at det ikkje skjer eit overforbruk utover 5 mill
- Lage ein plan for eit budsjett som gjeng i null i 2023

Lars Bjarne forfattar eit forslag til vedtak og ringer ordføraren i representantskapet.

21/2022 Planlegging av kåring 2022

- Tid 2. oktober 2022
- Stad: Ridehall på Melsom (1. pri) Jarlesberg Travbane (2. pri)
- Dommere: Terje Bakken har takka ja, mens Kenn Lunn enda ikkje er kontakta. Torhild skal få bekrefta bestillinga.
- Gjennomføre risbittkåring av GNS
- Kåringsavgifta aukar til 200,- pr. kåra lam
- Gaute bestiller kåringsmerke.
- Gaute har bestilt premier og rosettar.
- Matsservering:
 - Nytte ev. kiosk i ridehallen.
 - Bruke gasspanna til Tore. Kålsalat, saueburger med kebabkrydder.
- Varsle mattilsynet
-

22/2022 Eventuelt

Kosespisenissemøte gjort om til sumararrangement

Forslag til dato: 10 august